

Høyringsnotat – forslag til endringar i forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar 2017

Første delen. Forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar

Kapittel 2. Rentevilkår

Til § 2-1 Utrekning av rente til og med 29. februar 2016

Føresegna inneheld reglane om korleis renter på lån i Lånekassen blei rekna ut fram til 29. februar 2016. Det er ikkje behov for å føre vidare føresegna i tilbakebetalingsforskrifta for 2017, og departementet foreslår derfor at ho blir oppheva. Den nye metoden for å rekne ut renter, som tok til å gjelde frå 1. mars 2016, er regulert i § 2-2 i forskrifta.

Som følgje av at § 2-1 fell bort, blir det behov for å endre nummereringa av dei etterfølgjande føresegnene i kapittelet.

Gjeldande § 2-1 for 2016:

§ 2-1. Utrekning av rente til og med 29. februar 2016

Lån i Lånekassen har flytande rente så sant låntakaren ikkje inngår avtale om å binde renta.

Utgangspunktet for å fastsetje rente på lån i Lånekassen er statens pårekna lånekostnader for tilsvarende rentebindingstid, med eit påslag på 1,25 prosentpoeng årleg effektiv rente. Staten har ei avgrensa mengd uteståande statspapir (lån som anten er statskassevekslar eller statsobligasjonar), og det vil ofte vere nødvendig å interpolere (finne ei vekta gjennomsnittsrente) mellom to statspapir. Lånekostnaden blir anslått ved å observere marknadskursen på Oslo Børs på slutten av dagen. Utrekninga av renta for ein bestemt observasjonsperiode byggjer på kursobservasjonar på dagar med oppgjør i denne perioden. Gjennomsnittet for alle daglege kursobservasjonar blir avrunda til nærmaste 0,1 prosentpoeng.

Dei nominelle rentene på lånet til kunden blir rekna ut frå ei oppgitt årleg effektiv rente. Dei årlege effektive rentene før gebyr for faste og flytande renter blir utrekna av Finansdepartementet og publiserte på nettsidene til Lånekassen. Formelen for å rekne ut den årlege nominelle renta er slik:

$$r_n = \left[(1 + r_e)^{\frac{1}{n}} - 1 \right] n$$

der:

r_n = årleg nominell rente i prosent

r_e = årleg effektiv rente i prosent før gebyr

n = talet på betalingsterminar per år

Ved utrekninga av dei nominelle rentene skal det liggje til grunn at det er tolv terminar per år. Rentene blir oppgitte med tre desimalar. Det er Lånekassen som fastset dei nominelle rentene. Når effektiv rente på lånet til kunden skal reknast ut, kjem i tillegg gebyr med heimel i utdanningsstøtteloven § 8 og tilhøyrande forskrifter.

Hovudstolen og kapitaliserte renter blir rentebelasta på etterskott, med ei nominell perioderente som tilsvarer den årlege nominelle renta dividert på 365 eller 366 dagar. Nye påløpte renter som ikkje er betalte før kvart terminforfall, blir kapitaliserte etter forfallet.

Utgangspunktet for å fastsetje flytande rente er gjennomsnittet over to månader av observerte marknadsrenter på statspapir (statskassevekslar) der løpetida som står igjen, er frå null til tre månader. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet, og ny rente trer i kraft to månader etter avslutta observasjonsperiode.

Lånekassen tilbyr fast rente annankvar månad for periodar på tre, fem eller ti år. Utgangspunktet for å fastsetje dei faste rentene er gjennomsnittet av observerte marknadsrenter i løpet av éin månad for statspapir (obligasjonar) med tilsvarande løpetid. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet, og ny rente trer i kraft éin månad etter avslutta observasjonsperiode. Til dømes er den faste renta frå 1. januar fastsett ut frå observasjonar i november. Ved avtale om binding av renta gjeld den aktuelle fastrenta frå éin månad etter avslutta observasjonsperiode.

Det blir rekna renter etter forsinkelsesrenteloven av det forfalne beløpet frå dagen etter forfallsdato, og av heile lånet frå den datoen lånet er sagt opp på grunn av misleghald.

Forslag til endring i § 2-1 for 2017:

Føreseгна blir oppheva.

Til § 2-2 Utrekning av rente frå og med 1. mars 2016

I statsbudsjettet for 2016 blei det vedteke ein ny modell for å rekne ut renter på lån i Lånekassen, som tok til å gjelde frå 1. mars 2016. Utgangspunktet i den nye modellen er

ei basisrente som blir fastsett av Finanstilsynet på grunnlag av dei beste tilboda om bustadlån i marknaden. Frå denne blir det trekt 0,50 prosenteiningar før ein reknar ut kva den nominelle flytande og faste renta blir på lån i Lånekassen.

Departementet foreslår å redusere det nemnde frådraget på 0,50 prosenteiningar med 0,35 prosenteiningar, slik at det med verknad frå 1. januar 2017 vil vere på 0,15 prosenteiningar. Den årlege effektive renta på utdanningslån vil såleis bli 0,35 prosenteiningar høgare enn ho er med gjeldande regelverk.

Departementet foreslår også nokre endringar av teknisk karakter. Kompetansen til å fastsetje basisrentene blei delegert til Finanstilsynet gjennom ei endring 19. februar 2016 i forskrift til skatteloven, og det er derfor behov for å oppdatere føresegna på dette punktet. Vidare er det naturleg å gjere ei teknisk endring i tilvisinga til den nemnde forskrifta. Med bakgrunn i forslaget ovanfor om å oppheve § 2-1, er det òg naturleg å endre overskrifta og nummereringa til føresegna.

Gjeldande § 2-2 for 2016:

§ 2-2. Utrekning av rente frå og med 1. mars 2016

Lån i Lånekassen har flytande rente så sant låntakaren ikkje inngår avtale om å binde renta.

Utgangspunktet for å fastsetje rente på lån i Lånekassen er ei basisrente berekna av Finansdepartementet på grunnlag av gjennomsnittet av dei beste tilboda om bustadlån i marknaden. Vilkåra for uttrekk av lånetilbod og utrekning av gjennomsnittet er fastsette i forskrift 18. desember 2015 nr. 1768 om endring i forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14. Med grunnlag i desse vilkåra fastset Finansdepartementet basisrentene for flytande og fast rente. Frå basisrenta blir det trekt 0,50 prosenteiningar for å komme fram til ei årleg effektiv rente både for fast og flytande rente.

Dei nominelle rentene på lånet til kunden blir rekna ut frå den oppgitte årlege effektive renta. Formelen for å rekne ut den nominelle renta er slik:

$$r_n = \left[(1 + r_e)^{\frac{1}{n}} - 1 \right] n$$

der:

r_n = årleg nominell rente i prosent

r_e = årleg effektiv rente i prosent før gebyr, medrekna fratrekket på 0,50 prosenteiningar

n = talet på betalingsterminar per år

Ved utrekninga av dei nominelle rentene skal det liggje til grunn at det er tolv terminar per år. Rentene blir oppgitte med tre desimalar. Det er Lånekassen som fastset dei nominelle rentene. Når effektiv rente på lånet til kunden skal reknast ut, kjem i tillegg gebyr med heimel i utdanningsstøtteleven § 8 og tilhøyrande forskrifter.

Hovudstolen og kapitaliserte renter blir rentebelasta på etterskott, med ei nominell perioderente som tilsvarer den årlege nominelle renta dividert på 365 eller 366 dagar. Nye påløpte renter som ikkje er betalte før kvart terminforfall, blir kapitaliserte etter forfallet.

Utgangspunktet for å fastsetje flytande rente er observasjonar i løpet av to månader av tilbod om bustadlån med flytande rente. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet, og ny rente trer i kraft to månader etter avslutta observasjonsperiode.

Lånekassen tilbyr fast rente annankvar månad for periodar på tre, fem eller ti år. Utgangspunktet for å fastsetje dei faste rentene er observasjonar i løpet av éin månad av tilbod om bustadlån med den same rentebindingstida. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet, og ny rente trer i kraft éin månad etter avslutta observasjonsperiode. Til dømes er den faste renta frå 1. mars fastsett ut frå observasjonar i januar. Ved avtale om binding av renta gjeld den aktuelle fastrenta frå éin månad etter avslutta observasjonsperiode.

Det blir rekna renter etter forsinkelsesrenteloven av det forfalne beløpet frå dagen etter forfallsdato, og av heile lånet frå den datoen lånet er sagt opp på grunn av misleghald.

Forslag til endring i § 2-2 for 2017:

§ 2-12. Utrekning av rente ~~frå og med 1. mars 2016~~

Lån i Lånekassen har flytande rente så sant låntakaren ikkje inngår avtale om å binde renta.

Utgangspunktet for å fastsetje rente på lån i Lånekassen er ei basisrente berekna av ~~Finansdepartementet~~ Finanstilsynet på grunnlag av gjennomsnittet av dei beste tilboda om bustadlån i marknaden. Vilkåra for uttrekk av lånetilbod og utrekning av gjennomsnittet er fastsette i ~~forskrift 18. desember 2015 nr. 1768 om endring i forskrift~~ til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14 § 5-12-5. Med grunnlag i desse vilkåra fastset ~~Finansdepartementet~~ Finanstilsynet basisrentene for flytande og fast rente. Frå basisrenta blir det trekt ~~0,500,15~~ 0,500,15 prosenteningar for å komme fram til ei årleg effektiv rente både for fast og flytande rente.

Dei nominelle rentene på lånet til kunden blir rekna ut frå den oppgitte årlege effektive renta. Formelen for å rekne ut den nominelle renta er slik:

$$r_n = \left[(1 + r_e)^{\frac{1}{n}} - 1 \right] n$$

der:

r_n = årleg nominell rente i prosent

r_e = årleg effektiv rente i prosent før gebyr, medrekna fratrekket på 0,50 prosentteiningar

n = talet på betalingsterminar per år

Ved utrekninga av dei nominelle rentene skal det liggje til grunn at det er tolv terminar per år. Rentene blir oppgitte med tre desimalar. Det er Lånekassen som fastset dei nominelle rentene. Når effektiv rente på lånet til kunden skal reknast ut, kjem i tillegg gebyr med heimel i utdanningsstøtteleven § 8 og tilhøyrande forskrifter.

Hovudstolen og kapitaliserte renter blir rentebelasta på etterskott, med ei nominell perioderente som tilsvare til den årlege nominelle renta dividert på 365 eller 366 dagar. Nye påkomne påløpte renter som ikkje er betalte før kvart terminforfall, blir kapitaliserte etter forfallet.

Utgangspunktet for å fastsetje flytande rente er observasjonar i løpet av to månader av tilbod om bustadlån med flytande rente. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet, og ny rente trer i kraft to månader etter avslutta observasjonsperiode.

Lånekassen tilbyr fast rente annankvar månad for periodar på tre, fem eller ti år. Utgangspunktet for å fastsetje dei faste rentene er observasjonar i løpet av éin månad av tilbod om bustadlån med den same rentebindingstida. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet, og ny rente trer i kraft éin månad etter avslutta observasjonsperiode. Til dømes er den faste renta frå 1. mars fastsett ut frå observasjonar i januar. Ved avtale om binding av renta gjeld den aktuelle fastrenta frå éin månad etter avslutta observasjonsperiode.

Det blir rekna renter etter forsinkelsesrenteloven av det forfalne beløpet frå dagen etter forfallsdato, og av heile lånet frå den datoen lånet er sagt opp på grunn av misleghald.

Til § 2-6 Rentesrente

Departementet foreslår nokre presiseringar i føresegna, slik at det går tydelegare fram i kva for periodar det blir rekna renter av renter (rentesrente).

Eit studielån blir sett renteberande frå det første månadsskiftet etter at låntakaren har avslutta eller avbrote utdanninga, eller når låntakaren ikkje lenger har rett til støtte. Det vil likevel gå om lag eit halvt år frå tidspunktet då lånet blir sett renteberande og fram til låntakaren blir beden om å gjere den første innbetalinga på lånet. For kvar månad som går i denne perioden (også kalla betalingspausen) blir rentene som fram til då har blitt

rekna, lagde til lånet og dermed sette renteberande. Det betyr at det blir rekna renter av akkumulert rentegjeld (rentesrente) i betalingspausen. Det same er tilfelle i periodar der låntakaren har fått betalingsutsetjing, og såleis også vil akkumulere rentegjeld i så lang tid som utsetjinga varer.

Departementet meiner at dette ikkje kjem godt nok fram i føresegna, slik ho er formulert i dag. Departementet foreslår derfor å gjere det tydeleg at det blir rekna rentesrente både gjennom betalingspausen og i periodar med betalingsutsetjing.

Gjeldande § 2-6 for 2016:

§ 2-6. Rentesrente

Det blir rekna rentesrente med den rentesatsen som gjeld. Renter som ikkje blir betalte, blir sette renteberande etter kvart forfall. For låntakar som har lån frå før 1. juli 1985, blir det ikkje rekna renter av rentegjeld som er opparbeidd før 1. januar 1990. Det blir ikkje rekna renter av rentegjeld som er lagd til etter reglane i forsinkelsesrenteloven.

Forslag til endring i § 2-6 for 2017:

§ 2-~~5~~6. Rentesrente

Det blir rekna rentesrente med den rentesatsen som gjeld. ~~Renter som ikkje blir betalte, blir sette renteberande etter kvart forfall.~~ Det blir rekna renter av renter som ikkje er betalte innan terminforfall. Det blir også rekna renter av rentegjeld som blir opparbeidd i perioden frå lånet blir sett renteberande og fram til første terminforfall og i periodar med betalingsutsetjing. For låntakar som har lån frå før 1. juli 1985, blir det ikkje rekna renter av rentegjeld som er opparbeidd før 1. januar 1990. Det blir ikkje rekna renter av rentegjeld som er lagd til etter reglane i forsinkelsesrenteloven.

Andre delen. Rentefritak, betalingsutsetjing og ettergiving

Til § 14-1 Betalingsutsetjing av terminbeløp

Departementet foreslår at ordninga som gir låntakarar rett til å utsetje betaling av terminbeløp i inntil tre år, blir utvida slik at ho gjeld for kvart einskilt låneforhold som ein låntakar har med Lånekassen. Det betyr at ein låntakar som tek opp eit nytt lån etter å ha innfridd eit tidlegare lån, vil få høve til å utsetje betalinga av inntil 36 månadlege

terminbeløp for det nye lånet uavhengig av kor mange gonger han har nytta betalingsutsetjingsordninga i det tidlegare låneforholdet. Slik reglane er i dag tel betalingsutsetjingar som er gitte i eit tidlegare låneforhold med i kvota på maksimalt 36 månader med utsetjing når Lånekassen handsamar søknad om betalingsutsetjing i eit nytt låneforhold.

Låntakarar som allereie har innfridd eit lån har vist evne til å betene lån i Lånekassen. Dei som har nytta betalingsutsetjingsordninga har òg betalt for det som utsetjinga har kosta i form av ekstra renter. Departementet meiner at det då er rimeleg at slike låntakarar får høve til å starte eit nytt låneforhold med den same tilgangen til betalingsutsetjingar som det ein første gongs tilbakebetalar har. Ordninga med betalingsutsetjing er meint å vere til hjelp for tilbakebetalarar som for ein kortare periode kjem i betalingsvanskar, slik at ein kan unngå at stoda blir så ille at gjelda blir misleghalden. Sånn sett kan forslaget om å betre vilkåra for betalingsutsetjing for dei som er i eit andre gongs låneforhold, bidra til å førebyggje misleghald av lån i Lånekassen, noko som vil vere bra både for tilbakebetalarane og samfunnet.

Gjeldande § 14-1 for 2016:

§ 14-1. Betalingsutsetjing av terminbeløp

Det kan bli gitt utsetjing med betaling av heile terminbeløp i inntil tre år, sjå likevel kapittel 4 og kapittel 17.

Forslag til endring i § 14-1 for 2017:

§ 134-1. Betalingsutsetjing av terminbeløp

Det kan bli gitt utsetjing med betaling av heile terminbeløp i inntil tre år for kvart låneforhold, sjå Sjå likevel kapittel 4 og kapittel 17.